



Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn - offentlig ettersyn Klepp kommuneplan 2014 - 2025

Samfunnsdelen gir eit godt oversyn over utviklinga og utfordringar i kommunen, men manglar handlingsdel og er for lite konkret på mål, prioriteringar og satsingsområde.

Klepp følgjer opp Regionalplan Jæren og statlege føringar for samordna areal- og transportplanlegging ved å prioritere by og tettstadutvikling langs kollektivaksane.

Årleg folketalsvekst på 2,5 % i Klepp er ikkje i tråd med dei regionale måla om prioritering av bustadbygging i bybandet Stavanger-Sandnes og utbygging i Sandnes aust. Ein vekst kring 1,5 % vil vere i tråd med regionale mål og gi meir økonomisk berekraftig tenesteutvikling i kommunen.

Fylkesmannen har nokre få motsegner og faglege råd til planen, og ser fram til god dialog med kommunen for å finne løysingar på desse.

Vi viser til oversending frå kommunen datert 21.01.2014 med kommuneplan for perioden 2014 – 2025 til offentlig ettersyn, uttalen vår til planprogram 20.03.13 og til konstruktivt dialogmøte med kommunen 02.09.13.

Visjon

Visjonen i kommuneplanen for Klepp kommune er *"Barna vår framtid"*, basert på verdiane:

- Aktiv og trygg
- Romsleg og robust
- Bruk og bærekraft

Dette er ein visjon som passar som hand i hanske til «Sjumilssteget – betre oppvekst i Rogaland», som er Fylkesmannen i Rogaland sitt eige prosjekt for ivaretaking av barn og unge sine oppvekstvilkår i eige arbeid og i samarbeid med kommunane. Vi ser fram til å samarbeide med Klepp i lys av denne visjonen.

SAMFUNNSDELEN

Føremål og rammer

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal vere eit verktøy for kommunen sin heilskaplege styring og planlegging. Den skal vise langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen som samfunnsutviklar og tenesteleverandør, jf. rettleiar utgitt av Miljødepartementet om kommuneplanprosessen.

Klepp kommune har lagt fram ein samfunnsdel som gir eit godt oversyn over utviklinga og utfordringar i kommunen. Men samfunnsdelen er for lite konkret på prioriteringar og konkrete mål. Planen bør vera handlingsretta og peike ut prioriterte satsingsområde. Samfunnsdelen manglar handlingsdel i samsvar med kravet i plan- og bygningslova § 11-2 tredje ledd.

Planstrategien for kommunestyreperioden 2011-2015, syner at det skal utarbeidast kommunedelplanar på fleire store kommunale tenesteområde. Døme er skule/barnehage, folkehelse, helse- og omsorgstenester. Desse må vera godt forankra i kommunen sitt overordna plandokument, kommuneplanen. For å sikre god heilskap og kontinuitet bør kommuneplanen ha overordna målsettingar på store tenesteområde som seinare skal følgjast opp med eigne delplanar.

Vi saknar også kopling til Energi og klimaplan for Klepp kommune (20.11.09) og Kommunedelplan for landbruk 2002-2013. Det er vist til desse to planane i oversikta i samfunnsdelen og i overordna mål. Vesentlege tiltak frå desse bør integrerast i kommuneplanen.

Sektorovergripande folkehelsearbeid

Regionalplan for folkehelse 2013-2017 har felles regionale mål og tiltak for helsefremjande samfunnsutvikling. Det er klare forventningar til at kommunane skal fylgje opp dette i sitt eige planarbeid. Regional folkehelseplan har tre hovudområde der kommunane har ei heilt sentral rolle for realisering av mål og gjennomføring av konkrete tiltak; «*Aktive og trygge lokalsamfunn*», «*Støttande miljø for psykisk helse*» og «*Sunne levevaner*». Vi oppmodar Klepp til å få endå tydelegare fram mål og tiltak i samfunnsdelen som bidrar til å oppfylle eigen visjon og Regionalplan for folkehelse.

I folkehelselova § 5 har kommunen fått ansvar for å ha oppdatert oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand og kva som påverkar denne. Oversikten skal vere med på å gi grunnlag for prioriteringar og avgjerder i kommuneplanlegginga og det praktiske folkehelsearbeidet. I kapittel 5 saknar me ein nærare omtale av korleis kommunen skal ivareta ansvaret med å ha ei systematisk og oppdatert folkehelseoversikt, jf. forskrift om oversiktsarbeid. Målsettingar og strategiar på folkehelseområdet skal forankrast i det lokale utfordringsbiletet.

Miljøretta helsevern er ein del av det kommunale helsearbeidet (jf. folkehelselova kapittel 2 og 3). Kommunen har fått oppgåva med å ha oversikt over risikofaktorar i det fysiske miljøet som kan verke inn på innbyggjarane si helse; forureining, støy, sosiale miljøfaktorar, ulykkesrisiko mv. Oversikten skal inngå i, og vere ein del av, kommunen sitt arbeid etter folkehelselova § 5. Fylkesmannen rår til at miljøretta helsevern, og påverknad frå fysiske miljøfaktorar, også blir omtala i kommuneplanen. Risikofaktorar som forureining (støy/lukt/støv/ureint vatn), nærleik mellom bustadområde og tyngre næring, ulykkesførebygging og arbeidsmiljø innan kommunale tenesteområde bør vektleggast.

Oppvekst

Klepp kommune ventar kraftig vekst i befolkninga, og får med det behov for fleire skuleplassar og barnehageplassar. Kommuneplanen viser at Klepp tek omsyn til dette i planlegginga. Felles skulekringsgrenser med nabokommunar er nemnd i planen. Med tanke på elevane sin nærskulerett, vil Fylkesmannen be om at skulekapasitet vert vurdert samtidig med planlegginga av nye bustadområde, og at utbyggingsprioritering sikrar at elevplassane er klare når bustadene er klare.

Klepp kommune manglar førskulelærarar og har fleire årsverk utan godkjent utdanning i grunnskulen, i høve til fylkessnittet. Fylkesmannen finn det positivt at Klepp ønskjer ein plan for aktiv rekruttertering av desse yrkesgruppene.

Kommunen sin overordna visjon er: «*Barna vår framtid*». Viktige verdiar er fastsette for å underbyggja dette målet. Særskilte utfordringar for barn og unge er identifiserte i kapittel 5 og 6. I oppfølginga av dette saknar vi konkretisering av overordna mål og strategiar. Den overordna føringa om at barn og unge skal prioriterast, bør gjennomgåande koma tydeleg fram i planen.

Vi saknar breiare omtale av utfordringane kommunen har for målgruppa barn og unge. Kommunen sin årsrapport for 2013 viser ein stor auke i talet på meldingar til barnevernet og manglande kapasitet i denne tenesta. Den viser og utfordringar i skulen når det gjeld mobbing, trivsel og sosial kompetanse.

Vekst og bustadpolitikk

I kapittel 8 vert det vist til at det er ei utfordring å skaffe nok bustader til alle innbyggjarane. Den bustadsosiale handlingsplanen som vart utarbeidd i 2012, syner at relativt mange husstandar ikkje har tilfredstillande butilhøve i kommunen. I planstrategien vert det og vist til kor avgjerande det er for helse, utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking at ein har tilfredstillande bustad. I omtalen av bustadbehov saknar vi kva konkrete utfordringar som ligg føre, kva behov innbyggjarane har og korleis føringane frå planstrategien (s. 7) skal følgjast opp i kommuneplanen. I kommuneplanen bør kommunen vera meir konkrete og setja klare mål for sine bustadsosiale utfordringar og velje strategiar som kan møte desse. Planen bør og leggje føringar for korleis bustadareal skal sikrast/nyttast for å møte alle innbyggjarane sine ulike bustadbehov.

Organisatorisk utvikling

Det er positivt og nødvendig at kommunen som arbeidsgjevar omtalar rekrutteringsutfordringar. Proaktiv handtering av på dette problemet, er viktig for at kommunen skal kunne ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i eigen verksemd til å levere forventa tenester til innbyggjarane.

Klepp kommune manglar førskulelærarar og har fleire årsverk utan godkjent utdanning i grunnskulen, i høve til fylkessnittet. Fylkesmannen finn det positivt at Klepp ønskjer ein plan for aktiv rekruttertering av desse yrkesgruppene.

Miljøprofil

Kommuneplanen synleggjer gode og viktige miljømål, men generelt sett burde dei vore meir konkrete og målbare.

Klima

Mål og tiltak i kommunen sin klimaplan bør gjerast til ein del av kommuneplanen. Fylkesmannen saknar konkrete tiltak for å sikre oppfølging av klimaplanen som er utarbeidd.

Viktige del i kommunen sin eigen klimaplan er m.a.:

- Delmål 10.3 Fokus på fornybare energikjelder som f. eks bioenergi
- Delmål 10.5 for landbruk: organisk landbruksavfall som energikjelde

Jæren vassområde

Klepp kommune har regionalt og nasjonalt viktige vassførekomstar som f. eks Orrevatnet og prioriterte vassdrag som Figgjoelva. Mål og utfordringar etter vassforskrifta bør omtalast. Utgangspunktet for Jæren vassområde er bra, og dei utfordringane som er lagt inn er fornuftige. Fylkesmannen saknar meir målretta og konkrete tiltak for og følgje opp dei utfordringane som er skissert. Desse bør innarbeidast som ein del av samfunnsdelen med handlingsdel og i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Samfunnstryggleik

Konsekvensutgreiing og ROS-analysar

Klepp kommune har ein grundig heilskapleg Risiko og sårbarheits analyse (ROS). Kommunen meiner gassutslepp og epidemiar er dei største utfordringane innan samfunnstryggleik. Klimatilpassing er ikkje eit prioritert tema i Klepp sine ROS-vurderingar.

I kommuneplanROS er flaum og overvatn identifisert som ein risiko for forslag nr 2,14,16,17,18,20,22 og 30, og det blir peika på at overvatn må handteras lokalt. Med tanke på klimaframskriven auke i haustnedbøren på opptil 50 % i Klepp for perioden 2071-2100, må klimatilpassing og overvatn bli tillagt ekstra vekt i utgreiingar av byggeområde. Dette er ikkje tilstrekkeleg følgt opp i kommuneplanen.

Korleis handtera veksten?

Fylkesmannen uttalte følgjande til planprogram for Klepp:

"Klepp kommunestyre har i møte 19.12.2011 (sak 98/11) vedteke eit kommunemål der målsettinga er "ein berekraftig folketilvekst", dvs ein folketilvekst som muleggjer at tenestetilbod og tenestenivå vert oppretthalde.

Det er ikkje talfesta i planprogrammet kva folketilvekst som skal leggjast til grunn ved revisjon av kommuneplanen. Klepp kommune er ein kommune med vel 70 % jordbruksareal og store og viktige verneområde som Jæren landskapsvernområde og fleire naturreservat (Orrevatnet m.m.).

I tillegg til omsynet til ein balansert vekst tilpassa eit godt lokalt tenestetilbod, må kommunen difor økonomisera med sine avgrensa utbyggingsområde slik at desse varer. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen held på sitt vedtak frå 2011 om at ei utvikling på 1,5 % årleg vekst."

Samfunnsdelen omtaler veksten under kap. 3 Samfunnsutviklinga side 8: "Med bakgrunn i veksten i kommunen dei siste 10-åra, legg ein framskriving på 2,5 % vekst pr år til grunn for vekst i planperioden."

Veksten er også omtala under avsnitt "Bustadpolitikk" side 10 og "Kap 8 Korleis handtera veksten" side 21.

Ei framskriving av kommunen sin vekst siste 10 år er ei tilnærming som ikkje er i tråd med dei regionale føringane i nyleg vedteken Regionalplan Jæren. Ein folkevekst på 2,5 % i Klepp er ikkje i tråd med dei regionale måla om å styre hovudmengda av bustadbygging i regionen til bybandet Stavanger-Sandnes og Sandnes aust. Eit hovudgrep i Regionalplan Jæren er å ta veksten vekk frå dei mest produktive areal i vest, og få bustadbygging og byutvikling til mindre produktive areal. Bustadbygging og byutvikling skal byggje opp under eksisterande og ny samferdslestruktur med vekt på investeringar i høgverdig kollektivtilbod.

Klepp kommune må vurdere nøye ønska vekstnivå i kommunen. 1,5 % kan vera eit tenleg nivå. Planlagd vekst på dette nivået vil vere meir robust og berekraftig i forhold til kommunen sin tenesteproduksjonen. I følgje årsrapporten hadde kommunen ein folketalsvekst på 1,4 % i 2013.

Kollektivtrafikk

Klepp kommune har ei utfordring med at kommunesenteret ikkje ligg lokalisert ved Jærbanen, slik f. eks Time og Hå har det.

Ein vesentleg del av framtidig utbygging i Klepp vil difor skje lenger aust ved Klepp stasjon og Øknesvadporten/Orstad. Dette vil bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla om effektiv arealutnytting, by- og tettstadvekst ved kollektivtilbod og knutepunkt, og måla om redusert transportarbeid og reduserte klimautslepp.

Rekkefølgjekrav for bustad og næringsutbygging er eit viktig verktøy for kommunen og Klepp kommune gjer gode slike grep.

Eit godt og betre busstilbod på fv 44 er viktig for trafikkavviklinga nord-sør gjennom kommunen, og for å unngå behov for fleire felt på fv 44. Ei slik utviding ville hatt eit særleg høgt konfliktnivå med nasjonale jordverninteresser. Eit godt tilbod på Jærbanen i dag, og seinare utbygging til dobbeltspor på Jærbanen, er det robuste og berekraftige valet som må prioriterast.

Fylkesmannen vil gi Klepp ros for at kommunen har teke på alvor Regionalplan Jæren og statlege føringar for samordna areal- og transportplanlegging ved å prioritera by- og tettstadutvikling langs kollektivaksar.

Behov for bustadareal

Side 29 i samfunnsdelen seier at «*kommunen alt har nok tilgjengeleg bustadareal til å dekkja dette behovet*» (bustadbehovet for nye innbyggjarar med 2,5 % årleg folketalsvekst).

Kommunen skriv vidare at «*Skal Klepp kommune ta ein større del av det regionale bustadbehovet, jf Regionalplan Jæren og Interkommunal kommunedelplan for bybandet sør, så må større bustadareal fasast inn i løpet av kommuneplanperioden.*»

Fylkesmannen vil understreke at den delen av det regionale bustadbehovet Klepp er venta å ta, er knytt til område i bybandet sør. Desse areala er allereie avklart og godkjend gjennom godkjenning av interkommunal kommunedelplan for bybandet sør.

Med ein vekst på 2,5 % legg kommunen til grunn ei årleg bustadbygging på 230 bustader. Fylkesmannen meiner dette er eit for høgt nivå. Kommunen sin årsrapport for 2013 viser at 153 bueningar blei godkjende det. Fylkesmannen meiner kommunen i sum planlegg for overkapasitet

for bustadareal i føreslåtte kommuneplan, utover reelt behov i planperioden og utover det som er den regionale rolla Klepp kommune har innafør føringane i Regionalplan Jæren.

Senterstruktur og tettstadutvikling

Kommunen har lagt seg tett opp til føringane i Regionalplan for Jæren i kapittelet i samfunnsdelen som omhandlar senterstruktur og tettstadutvikling. Dette gir eit godt utgangspunkt, og Fylkesmannen er samd i dei grepa kommunen legger til grunn. Kommunen bør likevel tydeliggjera ønska utvikling og tiltak for å nå måla i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Fylkesmannen vil oppmode kommunen til å leggje vekt på bustadmangfald i alle tettstadar og bustadområde, slik de har gjort på Pollestad. Endringar i bustadbehov kan då enklare løysast utan å måtte flytte bort. Dette kan og stimulera til større sirkulasjon i bustadmassen og gjev ein betre sosial bustadprofil.

AREALDELEN

Konsekvensutgreiing (KU)

Kommunen har gjort ei vurdering av dei samla vesentlege verknadane av planforslaget. Konsekvensane for kommunen sin tenesteproduksjon og nasjonale arealbruksinteresser av ein planlagt årleg folketalsvekst på 2,5 %, burde kome betre fram i den samla utgreiinga.

Plankartet

Plankartet er i hovudsak oversiktleg og lett å forstå. Fylkesmannen har følgjande merknader til endra arealbruk:

Område nr 10 - Reiselivsbygg Pollestad

Reiselivsbygget på 25 dekar kjem i konflikt med Jærstrendene landskapsvernområde. Føremålet med vernet er å ivareta landskapet. Føreslåtte bygg vil gi ein vesentleg negativ verknad på landskapet. Omdisponeringa vil belaste og leggje ytterlegare press på området, mellom anna ved ferdsel. Kommunen har allereie areal avsett til føremål reiseliv i kommuneplanen. Dette arealet er ikkje ferdig realisert. Omdisponeringa vil fragmentere eit stort samanhengande jordbruksområde av nasjonal og regional verdi. Området grensar inntil dyrka jord i aust.

Fylkesmannen fremjar **motsegn** til område nr. 10 – reiselivsbygg Pollestad med bakgrunn i negative konsekvensar for regionale og nasjonale interesser knytt til landskapsvernområde og jordvern.

Område nr 16 - Bustadområde Nordlysvegen/Tuholen

Området er 44 dekar. Arealet er fulldyrka jord og, i følgje jordsmonndata, god jordkvalitet. Slike areal bør ikkje omdisponerast før det er eit klart regionalt behov for det. Området ligg ikkje innafør

influensområde til høgverdig kollektivtilbod. Fv 44 i området er overbelasta med biltrafikk allereie i dag, store delar av døgnet.

Fylkesmannen viser til at store bustadareal i same område ved Tjøtta og Tu, er frigitt for utbygging framover, og at fortetting og utbygging ved Bryne skal prioriterast. Vi er kjend med at område 16 er basisareal i RPJ og ligg i tidsfase 1 (grøn) i RPJ. Område ligg utanfor gangavstand til tog, men kort veg med sykkel til Bryne stasjon.

Område 16 har retningsline i kommuneplanen om utbygging frå tidlegst år 2022, men har ikkje rekkefølgekrav knytt til betre kollektivtilbod for området. By- og tettstadutviklinga på Jæren skal bidra til at veksten i transportbehov skal skje gjennom kollektiv, sykkel og gange. Dette er nasjonale og regionale føringar. Fylkesmannen meiner framtidig utbygging av område 16 må få ei tydlegare kopling til desse føringane.

Arealet ligg tett opp til industriområde der det blir lagra farlege stoff. Vi saknar kjelde/vurdering på kvifor desse områda i kommuneplanROS står som «ikkje utsett for risikofylt verksemd».

Etter ei samla vurdering og med vekt på manglande kollektivdekning, fremjar Fylkesmannen **motsegn** til at området blir omdisponert nå.

Område nr 17 - Bustadområde Tu

Området er 4 dekar. Utbygging av området bør planleggast i saman med areala lenger aust.

Område nr 18 - Bustadområde Pollestad

Området har vore vist som bustadområde i eldre kommuneplanar. Klepp kommune har fått godkjend anna areal til bustadbygging på Pollestad seinare år. Fylkesmannen er kjend med at ein har bygd leilegheiter på Pollestad ved butikkområde og at det er regulert bustadtomter rett aust for område 18. I sum har det difor vore godt og variert tilbod av nye bueiningar i området seinare år.

Pollestad ligg i kjerneområde landbruk. Regionalplan Jæren er tydeleg på at aktiv landbruksdrift og jordvern skal ha prioritet i dette område. Fylkesmannen forventar at Klepp kommune ikkje omdisponerer areal av eit omfang som inviterer til bustadbygging i strid med dette.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen hushalderer strengt med bustadareal på Pollestad og at dette får ei effektiv arealutnytting. Med bakgrunn i at kommunen har retningsline om utbygging ikkje før seint i planperioden (2022-2025), aksepterer Fylkesmannen føreslåtte omdisponering.

Område nr 20 - Bustadområde Klepp stasjon vest

Område er 88 dekar. Alt areal er fulldyrka jord og i følge jordsmonnkartlegging matjord av svært høg og høg kvalitet. Føreslåtte om disponering vil gi nedbygging av matjord av nasjonal verdi. At arealet ikkje er på landbruksida av langsiktig grense landbruk og ikkje er vist som kjerneområde landbruk, forandrar ikkje dette. Fylkesmannen er usamd i kommunen sin KU-vurdering under tema landbruk.

Heile område ligg i praksis innafør influensområde for høgverdig kollektivtilbod (Jernbanen).

Med bakgrunn i kommunen si eiga behovsvurdering for bustadareal i samfunnsdelen stiller Fylkesmannen spørsmål ved at området blir omdisponert nå. Ut frå at kommunen har retningsline om at utbygging skal skje i perioden 2018-2021 og 2022-2025, og fordi at området i all hovudsak ligg innafør influensområde for Jærbanen, vil vi likevel ikkje motsette oss føreslåtte omdisponering.

Vi kan ikkje sjå at delområdet for offentleg eller privat tenesteyting innafør omtalte bustadområde nr 20, er omtalt i konsekvensutgreiinga.

Område 22 – næringsområde Voll

Område er 14 dekar. Arealet er fulldyrka jord og i følgje jordsmonnkartlegging av svært høg kvalitet. Føreslåtte omdisponering er i strid med viktig regionale og nasjonale jordverninteresser. Regionalplan Jæren har heilt sidan 2001 vist område som eit nasjonalt viktig næringsområde for matproduksjon der landbruksnæringa skal sikrast varige og føreseielege vilkår.

Regionen har omdisponert store areal med jordbruksareal til næringsføremål i andre delar av Jæren. Større nyetablering og utvidingar må skje der slik arealbruk er avklart. Voll er ikkje eit regionalt avklart vekstområde for næringsetableringar.

Føreslåtte omdisponering til utvida næringslokalisering på Voll, er i strid med nasjonale og regionale mål om redusert transportarbeid og reduserte klimautslepp. Det er dårleg kollektivtilbod i området og Voll er ikkje peika ut som utbyggingsområde.

Fylkesmannen fremmar **motsegn** til område 22.

Fylkesmannen gir **fagleg råd** om at Klepp kommune legg inn langsiktig grense landbruk kring eksisterande næringsområde på Voll slik at jordvernet og landbruksnæringa i område blir sikra føreseielege rammer for jordbruksdrifta i området. Tilsvarande det Sola kommune har gjort i sin kommuneplan kring TS sitt næringsområde på Soma.

Område 24, 26, 27, 28 – Fritidsbustader Sele

Fylkesmannen er ikkje samd i at forslaget legg lite press på Jærstrendene. Fleire fritidsbustader, gir auke i ferdsel, byggepreg og privatiserande verknad. Vi legg til grunn at det kan skje ei fortetting, men at ein ikkje må opne for vidare utbygging mot verneområdet.

Fylkesmannen fremjar **motsegn** til den delen av området som ligg nærast verneområdet (i sørvest), ut frå landskapsomsyn og negativ påverknad på verneområdet som har nasjonal interesse. Denne delen av forslaget er ikkje konsekvensutgreidd.

Forslag nr 24-28, fritidsbusetnad på Sele, er ufullstendig vurdert i ROS-matrisa. Her manglar oppfølging av t.d. korleis planen kan følgje opp at området er utsett for sterk vind.

Område nr 30 – nærbutikk

Arealet er på 4,8 dekar og vist med føremål kjøpesenter på arealkartet. Fylkesmannen legg til grunn at korrekt føremål er sosikode 1150 – forretning.

Me viser til kap. 4 i Regionalplan for Jæren, retningslinjer til senterstruktur og handel, under punkt om nærbutikk og nærservice. Særleg vil me leggje vekt på at tilbodet ikkje må etablerast viss det konkurrerer med etablerte sentre. Lokaliseringa vil etter vår vurdering vere i strid med nasjonale og regionale føringar om redusert transportarbeid og mål om samordna areal- og transportplanlegging (ATP).

Fylkesmannen meiner føreslåtte plassering er lite tenleg plassert som nærbutikk. Butikken ligg perifert i forhold til Verdalen og inviterer tydeleg til bilbasert handel rett ved fv 510. Lokalisering ligg på landbruksida av langsiktig grense landbruk i området. Føreslåtte plassering vil ikkje bidra til miljøvenlege transportval og effektiv arealbruk, og vil i stor grad bli bilbasert handel.

Fylkesmannen fremjar **motsegn** til føreslåtte lokalisering av forretning langs fv 510 ved Verdalen nord p.g.a. strid med Regionalplan Jæren pkt. 4.1 og 4.3 og nasjonale mål om å styrke bruken av effektiv og miljøvenlege transport. Areal til nærbutikk for området, må kunne finnast meir sentralt i bustadområdet.

Område nr 31 – Turveg Figgjo elva

Viste turveg går frå Foss-Eikeland/Orstad i aust fram til Meland/Håland og fv 256 i vest. Turvegen går ved Figgjo vassdraget og delvis gjennom område med verna vassdrag og kjerneområde landbruk. Turvegen vil gi vesentlege inngrep i område med fleire nasjonale og regionale arealbruksinteresser.

Etablering av turveg er viktig av fleire omsyn (rekreasjon, folkehelse og fysisk aktivitet m.m.) både for lokal og regional bruk. Fylkesmannen er positiv til Klepp sitt initiativ for eit slik arbeid.

Turvegen er ikkje konsekvensutgreia. Den skal i fleire område etablerast på ikkje etablerte vegstrukturar. Det er krav om konsekvensutgreiing for dette i ein kommuneplan. Forslaget oppfyller ikkje dei lovbestemte krava om utgreiing.

Forslag om turveg område nr 31 – Figgjo elva kan difor ikkje vurderast før konsekvensutgreiing er gjennomført. Fylkesmannen fremmar **motsegn** til område nr 31 – Turveg Figgjo elva slik den er vist i planen. Ei løysing kan vere å vise turvegen som omsynssone etter pbl § 11-8.

Nytt område for barnehage - Kleppstemmen

Arealdelen viser nytt område for barnehage i eksisterande friområde sør ved Kleppstemmen. Forslaget er ikkje omtalt av kommunen og ikkje konsekvensutgreidd. Forslaget kan difor ikkje vurderast før konsekvensutgreiing er gjennomført. Etablering av barnehage i eit viktig samanhengande grønstruktur vil ha eit høgt konfliktnivå med desse interessene. Fylkesmannen fremjar ut frå omsyn til samanhengande grønstruktur og manglande utgreiing, **motsegn** til nytt område for barnehage – Kleppstemmen.

Føresegner

Føresegn 1.1 – Generelt

I andre punkt går det fram at føresegn i interkommunal kommunedelplan for bybandet sør gjeld føre kommuneplanen si ordinære føresegn. Areala i BBS er tatt med i kommuneplanen, og arealkart og

føresegner må difor erstatte den interkommunale kommunedelplanen ved at føresegnene blir tatt inn i kommuneplanen.

Det er positivt at det er lagt inn plankrav og krav om infrastruktur for alle område, og at det ikkje er lagt inn unntak.

Vi saknar konkretisering i føresegnene for korleis kommunen vil følgje opp funna frå ROSen. Føresegnene for arealdelen er mangelfulle, og gjentar berre det kommunen er pålagt via Byggteknisk forskrift. Vi fremjar **motsegn** dersom ikkje viktige funn frå ROSen om at overvatn må handterast lokalt, blir teke inn i føresegnene. Vi gir **fagleg råd** om at også klimapåslag blir tatt med i desse vurderingane.

Vi foreslår at Klepp vurderer å bruke føresegnene frå kommunedelplan for bybandet sør:
«Overvann skal håndteres ved kilde med lokal infiltrasjon og fordrøyning. Ny utbygging skal ikke medføre økt avrenning og utslipp til vassdrag i form av forurensede stoffer, herunder også partikler og næringsalter som kan medføre negativ påvirkning av vannkvaliteten og biologien i hele eller deler av vassdraget. Naturlige og kunstige overvannssystemer skal separeres. All utbygging skal ivareta sikker flomveg.»

Føresegn 1.5 – Område for fritidseigedomar

Kommunen har gjort eit godt grep når det er sett avgrensing på storleik, inkludert høgde, på fritidsbustadar, særleg for fritidsbustader som ligg i eller grensar til landskapsvernområde.

3. LNF-område

Kommunen har gjort eit godt grep med implementering av LNF-retningslinjene frå Regionalplan Jæren.

Føresegn 3.9 – Massefyllingar

Føresegn om massefyllingar er godt utarbeidd, særleg punkt som er knytt til fylling av reine massar og på dyrka areal. Fylkesmannen meiner at føresegna sikrar gode føringar for massefyllingar i kommunen.

Generelt om føresegner/retningsliner

Fylkesmannen meiner det er manglande føresegner/retningsliner knytt til areal som inngår i interkommunal kommunedelplan for bybandet sør, handel, barn og unge, universell utforming, støy, LNF-område, vassdrag, grønstruktur og friområde til arealdelen. Alle desse tema er viktige for å styrke kommuneplanen som styringsdokument. Manglar knytt til føresegner på dei nemnde tema vil enkeltvis og samla sett gi konsekvensar for perioden kommuneplanen skal gjelde for.

Vi fremjar på dette grunnlag ei generell **motsegn** til føresegnene/retningslinene. Vi vil foreslå eit arbeidsmøte med kommunen for å bidra til føresegner/retningsliner til arealplanen som sikrar omsynet til dei ovannemnte tema. Vi legg til grunn at vi i samarbeid finn løysingar på dette.

OPPSUMMERING MERKNADER OG VIDARE PROSESS

Motsegner:

- Område nr. 10 – reiselivsanlegg Pollestad
- Område nr. 16 – bustadområde Nordlysvegen
- Område nr. 22 – næringsområde Voll
- Område 24, 26, 27, 28 – fritidsbustader Sele sørvest
- Område nr. 30 – forretning Verdalen
- Generell motsegn til føresegner/retningsliner
- Område nr 31 – Turveg Figgjo elva og nytt område for barnehage v/Kleppstemmen, på grunn av manglande lovbestemt krav om konsekvensutgreiing.

Faglege råd:

- Vise langsiktig grense landbruk på Voll
- Klimapåslag handtering overvatn

Vidare kontakt om planforslaget

Vi inviterer til eit arbeidsmøte og dialog så raskt som råd med kommunen om styrking av føresegner/retningsliner og samfunnsdelen inkludert utforminga av handlingsdel. Viss det er andre forhold og som kan avklarast raskt, kan me ta det i same møte. Drøfting og eventuell mekling av motsegner følgjer på vanleg måte når kommunen har fått vurdert alle innkomne merknader samla.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Dagfinn Hatløy
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 79
E-post: fmrodha@fylkesmannen.no

Kopi til:

Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Rogaland fylkeskommune, Regionalutviklingsavdelingen	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Jernbaneverket	Postboks 4350	2308	HAMAR
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger